

JANUAR

Me sår forteljingar av alle slag og haustar opplevingar og gleder ilag.

Dette er årets tema, sjå måla i handlingsplanen. Me vil også halde fram med dyr frå Hakkebakkeskogen; og me vil bli meir kjent med **reven**.

Me vil synge songar om reven, lese bøker, sjå på bilder, spor, bruke kreativiteten vår m.m.

Leikemix : Skålen og Kammerset skal ha leikemix i lag to dagar, og 09-barna skal også møtast ein dag .Om det blir ute eller inne kan bli bestemt same dag.

Samisk veke: Me markerer samefolkets dag den 6. februar. Då lagar me reinskav m.m. som barna får høve til å smake på. Vidare utover i veka vil me finne ut meir om samisk kultur og levemåte. Sjå på bilder, høyre på samisk musikk, sjå/kjenne på reinsdyrskinn ,klesplagg m.m.

Gardsbesøk : Me har vore så heldige og vorte invitert til gardsbesøk hjå Kolbjørnsgard i Liagardane. Det er dei eldste barna på Skålen som får reise denne gongen, altså 09-barna. Me reiser i lag med Lue. Sidan Maxi-taxien går kl.10. er det fint om barna kan kome til barnehagen i god tid, gjerne til **kl. 09.30**.

Mini-Lamer : Denne månaden skal me ta for oss kjensla å **vere lei seg**. Barna lærer å gjenkjenne når andre er lei seg, setje ord på eigne og andre sine kjensler. Me brukar bilder, bøker, songar og musikk som understrekar tema.

Me markerer fastelavn med å bake fastelavnsbollar.

Karneval : Me har tradisjon på å ha karneval på feitetysdag og slik er det i år også. Me kler oss ut og har ei triveleg stund i lag begge husa. Fint om barna kan vere i barnehagen til **kl.09.30**. Sjå eigen info seinare.

HA EIN FIN FEBRUAR !

HELSING ALLE OSS PÅ SKÅLEN.

«SEA SIST» :

(Ei lita oppsummering av JANUAR)

Me fekk ete ut jula, men greidde ikkje å ete opp alle pepparkakene 13. dag jul, så me har kosa oss seinare også.

Vidare har me laga mange flotte soler som heng til pynt i glasa våre. Det var moro å lime og å rive/krølle silkepapir. På solfesten var dei aller fleste kledd i solfargar og me song solsongar. Nytt av året var at me laga sollappar til å ete.d.v.s. steikte uvande kvikaku på takke. Det smakte godt.

Elles har me på Skålen jobba mykje med haren. Sett på bilder, hengt opp harespor , lese bøker og synge songar som «Haren uti gresset», «Per og lille Karen» og «Haren med gitaren». Barna har også laga kvar sin hare med eit svært personleg uttrykk. Utstilling i leikerommet.

Tove har hatt med seg tverrfløyta si nokre gonger og spelt for barna isamling. Spennande med nye instrument. Me har også brukt Kim's leik nokre gonger der barna skal finne ut kva som manglar av eit gitt antal gjenstandar. Dette meistrar dei betre og betre ettersom dei får fleire ord. Hinderløype har også vore populært. Favorittsongen til dei yngste barna er «Tre små lopper». Der kastar dei seg med i refrenget «Jippi-jai-jai» med stor entusiasme. Me har også fletta inn tema å vere glad i samlingar og elles i her –og-no-situasjonane.

Me har drive ein del med takkebakst denne månaden. Først uvande kvikaku , der barna var med og laga røra og sørga for at oppskrifta vart følgd. Så i slutten av månaden har me laga flatbrød. Mange av barna har godt lag med kjevla og det vart produsert mykje flatbrød, og det smakte godt.

Dette har også vore ein måned med mykje sjukdom blant barna. Vidare har veret vore nokså kaldt slik at me har hatt innesoving for alle nokre dagar.